

Ikkje helsetrim og kafe i neste veke.

13.11.2020



Koronakafeen held stengd i neste veke, tysdag 17. november.

Uskedal helselag tek smittevernet på alvor og avlyser Trim for voksne måndag og Koronakafe tysdag. Det vert gjort med bakgrunn i oppmodinga generelt frå ordførar og kommunelege om at vi held oss mest mogeleg heime ei tid framover. Les kva Helselaget skriv i si melding.

Etter oppfordringa frå ordførar om å halda oss mest mogleg heime og såleis vera med på smittevernsdugnaden har Uskedal helselag avgjort at det ikkje vert trim komande måndag 16.11.20. Kaféen held også stengt tysdag

17.11.20.

Dersom utviklinga vert så positiv som den er i kveld, fredag, kan vi møtast att alt i veke 48, måndag 23. til trim og tysdag 24. til kaffé.

Vi føl utviklinga.

Tekst/foto: Uskedal helselag

Nett: Kristian Bringedal